

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FE-490	21/105

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/2022	Kommunestyret	PS	03.11.2022

Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2023 – 2024» slik dei ligg føre.

Kommunestyre vedtek "Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2023-2024" slik dei ligg føre, med desse endringane.

Punkt 1: "Det skal kunne tilsetjast sjukepleiarar utanom søknadsprosess dersom nokon er aktuelle, og dersom det legg føre ledige stillingar. Tilsetjingsutval skal handsame saka" blir strøket.

Punkt 7: "Søkjarar som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, leiar for pleie- og omsorg avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning)".

Bli endra til: "Søkjarar som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, tilsetjingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning)".

Punkt 14: "Tilsette som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, leiar for pleie- og omsorg avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning)".

Bli endra til: "Tilsette som har relevant helsefagleg utdanning (min. 60 studiepoeng, leiar for tilsetjingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning)".

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2023- 2024» slik dei ligg føre, med desse endringane:

Pk 1. Slettast

Pk.7 Endrast til: Søkjarar som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning

PK 11. Endrast til: Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal ein

få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.

PK 14. Endrast til: Tilsette som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2023- 2024» slik dei ligg føre, med desse endringane:

Pk 1. Slettast

PK.7 Endrast til: Søkjarar som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning)

PK 11. Endrast til: Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng, opplæringsutvalet avgjer kva som er relevant) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.

PK 14. Endrast til: Tilsette som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 025/2022 rekrutteringstiltak for sjukepleiarar 2021 – 2022. Tiltaka vart vedteke å gjelde f.o.m. 20.04.21 – 31.12.22, og at dei deretter skulle evaluerast og vurderast for vidareføring eller avslutning.

Rekrutteringstiltaka har vore evaluert og drøfta i september/oktober 2022, og det er semje mellom hovudtillitsvalde og rådmann om å foreslå vidareføring av tiltaka fram til 31.12.24 med nokre justeringar.

Bakgrunn

Pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune (PLOMS) har over fleire år hatt store utfordringar med å rekruttere tilstrekkeleg med sjukepleiarkompetanse. Dersom ein ikkje klarer å skaffe tilstrekkeleg med autorisert personell, vil det tyde at Modalen kommune ikkje vil kunne ivareta lovkrava til drift av Modalstunet m/ tilhøyrande heimetenester.

Generell sjukepleiarmangel

Sjukepleiarkompetanse er sårt trengt i kommunane framover, og det er sterke signal om at denne yrkesgruppa vert vanskelegare å rekruttere for kvart år. Det har over fleire år blitt varsla auke i behov innanfor pleie- og omsorgssektoren nasjonalt grunna at me vert stadig fleire eldre, og at behov ynskjer aukar. Denne demografiske utviklinga vil halde fram dei næraste 10-åra. Kommunar i vår region har sett inn tiltak for å rekruttere sjukepleiarar, mellom anna ekstra lønstilskot og direkteplassering i 10-års ansiennitet. Modalen kommune har i fleire år hatt tiltak som direkteplassering i 10-års ansiennitet, utan at dette har vore tilstrekkeleg.

Det vart derfor utarbeida rekrutteringstiltak i 2021, som skulle gjelde fram til 31.12.22, med ei

påfølgjande evaluering for eventuell vidareføring eller avslutning av tiltaka.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at rekrutteringstiltaka har hatt god effekt.

Tal søkjarar til sjukepleiarstillingar har vore rekordstor, og kommunen har klart å stetta behovet for sjukepleiarkompetanse. Samstundes vil det bli behov for å rekruttere sjukepleiarar til Modalen kommune også dei neste åra.

Rådmannen si vurdering er at ei vidareføring av rekrutteringstiltaka vil vere hensiktsmessig og at rekrutteringstiltaka fortsatt er forholdsmessige innanfor kva som kan vere aktuelt å prøve ut.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek rekrutteringstiltak slik dei ligg føre.

Kommunestyret - 044/2022

KS - behandling:

Rådmann og ass.rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.

Sigrunn Almelid Birkeland presenterte endringsforslag i rekrutteringstiltaka for kommunestyret, og Ann Jorunn Farestveit ba om gruppemøte for å leggje inn alternativt framlegg til vedtak.

Etter gruppemøte tok ordførar alternativt framlegg frå Håvard Engeseth opp til votering.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2023- 2024» slik dei ligg føre, med desse endringane:

Pk 1. Slettast

Pk.7 Endrast til: Søkjarar som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) får stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning

PK 11. Endrast til: Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevanz helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng, opplæringsutvalet avgjer kva som er relevant) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.

PK 14. Endrast til: Tilsette som har relevant helsefagleg vidareutdanning (min. 60 studiepoeng, tilsettingsutvalet avgjer kva som er relevant) skal få endra sin stillingstittel og løn til spesialsjukepleiar (stilling med krav om 4-årig U/H-utdanning).

Vedlegg:

Reviderte rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2023 - 2024 - UTKAST TIL HANDSAMING

Rekrutteringstiltak sjukepleiarar 2021 - 2022, vedteke i KS sak 025-2021